

Vekeplan 3. og 4. klasse

Veke 35

Informasjon

Då var me i gong og ting byrjar så smått å falla på plass. Elevane har fått litt bøker og me har delvis kontroll på timeplanen.

Det blir ikkje symjing på måndagane likevel no med det første fordi bassenget ikkje er klart. Ta med gymklede i staden, fram til de får beskjed om noko anna.

Hugs årets sommarminne! Elevane tek med seg eit kjekt minne frå sommaren og leverer det til meg, eller så kan de senda det til meg på telefon eller e-post, så kan eg skriva det ut.

Det kan sjå ut som det blir greitt nok vær til årets overnattingstur i slutten av denne veka, og eg er såpass optimist at eg lagar vekeplanen ut i frå at me berre får to dagar på skulen. Planen er å ta turen til Feed. Meir informasjon kjem nok i starten av neste veke. Elles tenkjer eg at me gjerne skulle hatt to firemannstelt (eller større), så om nokon kan vera behjelpelege med det - send meg gjerne ei melding :)

Ha ei fin veke!

Kristina Smedegård Tlf: 906 92 706 E-post: kristina.smedegard@sirdal.kommune.no

Fag	Mål for veka	Er måla nådd?		
		Kan ikkje	Kan litt	Kan godt
Norsk	Eg veit korleis ein oppfører seg på biblioteket og kan låna bøker sjølv.			
Matematikk	Eg kan skriva tal i utvida form.			
Engelsk	Eg er med på korlesing.			
Sosialt mål	Eg bidreg til at alle i klassen har ein fin overnattingstur.			

	MÅNDAG	TYSDAG	TORSDAG	FREDAG		
1.	Norsk	Norsk	Overnattingstur 			
2.		Bibliotek				
3.	Matematikk	KRLE				
4.	Gym	Matematikk				
5.	Engelsk					
6.	Arbeidstime	Musikk				
	Lekselesing					

HEIMEARBEID

Lesing	Les i ei stillelesingsbok eller hør i minst 15 minutt. <input type="checkbox"/> Måndag <input type="checkbox"/> Tysdag
Skriving	<input type="checkbox"/> Hugsar du noko frå då du byrja i 1. klasse? Gjer oppgåve e side 11 i Multi arbeidsbok.
Rekning	3. klasse <input type="checkbox"/> Gjer oppgåve 11 side 9 i Multi øvebok. <input type="checkbox"/> Gjer oppgåve 14 side 10 i Multi øvebok. <input type="checkbox"/> Viss du vil: Gjer oppgåve 13 side 10 i Multi øvebok. 4. klasse <input type="checkbox"/> Gjer side 4 i Multi øvebok. <input type="checkbox"/> Gjer to valfrie oppgåver på side 5 i Multi øvebok.
Anna	<input type="checkbox"/> Eg er med å pakkar sekken og veit kva eg har med meg.